



GEOLOGISK INSTITUTT

Universitetet i Bergen, Allégt.41, N-5007 BERGEN, NORGE

Professor NORALF RYE

TLF: 55 58 34 98

Epost: noralf.rye@geol.uib.no

FAKS: 55 58 94 16

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	
01 OKT. 2002	
Saksnr. 02/6151	1
Arkivnr. F/71.1	
Sakshand. GH	Avd. MV

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Miljøvernavdelinga
Postboks 43
6861 LEIKANGER

27. september 2002

IVAHOLA AVFALLSPASS. GLOPPEN KOMMUNE

Underteikna var den 9. og 10. juni på synfaring i området ved Ivahola avfallsplass og biogassanlegg. Med på synfaringa var Jon Ravnstad som representant for grunneigarane.

Fjellgrunnen i området kring Ivahola er sterkt oppsprukken gneis, granitt og kvartsskifer. Både Ivahola og andre liknande holer og forsenkningar i området er utforma av smeltevatn frå isavsmeltinga ved avslutninga av siste istid for knapt 10 000 år sidan. Dette er i seg sjølv spesielle og interessane formasjonar. Vidare er det heilt opplagt at det vil skje ei avrenning frå depotet i Ivahola og at dette vil påverka både overflatevatn og grunnvatn. Etter det eg har sett av sakspapir i denne saka blir det regelmessig tatt vassprøver på ulike punkt i området. Dersom desse prøvene viser at vatnet er reint, er det heilt opplagt at tilsiget til grunnvatnet i skråninga mellom avfallsplassen og fjorden går andre vegar. På grunn av at fjellet er så gjennomsett av sprekker vil forureininga relativt fort hamne i Gløppefjorden.

Miljømessig er eg i utgangspunktet positiv til bygging av større søppelanlegg. Det er som regel betre enn mange små anlegg spreidd rundt om, under føresetnad av at utbygging av anlegg skjer forsvarleg og at kontrollapparatet er skikkeleg oppbygt og gjennomført.

Etter mi meining bør det på slike stader som i Ivahola gjennomførast skikkelege konsekvensutgreiingar når det gjelde naturinngrep og naturfaglege forhold, m.a. hydrogeolgi. Det må også førast skikkeleg kontroll med drifta. . Eg er skeptisk til det som er gjort i tilknytning til anlegget i Ivahola.


Noralf Rye

Kopi til :

Grunneigarar på Sande, V/ Margret Sande, 6823 Sande

Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100, Oslo Dep., 0032 Oslo 1

Department of geology
University of Bergen
Phone +47-55583520

Professor Noralf Rye
phone dir.+47-55583496
E.Mail: noralf.rye@geol.uib.no